

## Kontra i senk då Elnesvågen tok årets første seier

Skrive av administrator

fredag 21. juni 2019 20:23 - Sist oppdatert fredag 21. juni 2019 21:27

---



Vestnes Varfjell leverte ein svak kamp og tapte 2-4 for botnplasserte Elnesvågen fredag kveld. Gjestane frå Fræna kom til Vestnes med kun to poeng (begge borte, mot Åndalsnes og Midsund). Sjølv om Vestnes Varfjell har hatt ein tendens til å "hjelpe" lag i poengnaud, såg normalt ut då Ørjan Tangen heada inn 1-0 etter eit perfekt slått frispark frå Vegard Ellingseter alt etter seks minutt. Like etter kunne det stått 2-0 etter ein ny frisparksituasjon. Denne gongen heada Tommy Kanishi, men ballen treffe stolpen. Ørjan Tangen sette returen akkurat over streken, men var i offside då frisparket var slått.

[SJÅ BILDGALLERI FRÅ KAMPEN HER](#) | SJÅ KAMPEN I OPPTAK I VARFJELL-TV: [1. omgang](#)

[2. omgang](#)

Elnesvågen fekk i staden spelt seg inn i kampen og utlikninga kom etter 27 minutt då gjestane kom fri på kanten og Magnus Nygård lurte oppassaren framom mål. Jarle Løvik Salte hadde sjansen til å sende heimelaget tilbake i føringa, men keeper rydda opp. Også Elnesvågen hadde ein stor sjanse på slutten av ein omgang der heimelaget sleit med presisjonen.

Heimelaget la press på gjestane frå start i andre omgang og Amund Stavem kom nære då han gjekk gjennom heile Elnesvågen-forsvaret før han vart stoppa. Elnesvågen la seg lavt og satsa på kontringar. Det lukkast dei godt med og etter ti minutt var dei i leiinga etter eit innlegg og heading i mål frå Are Stolsmo. Varfjell hadde framleis ballen og presset, men spelte omstendeleg og Elnesvågen rydda oftast greit unna. Magnus Nerheim kom på skothald etter 21 minutt, men hadde for stor "ryggsekk" og skotet gjekk over. Så hadde Kanishi og innbytтар Knut

## Kontra i senk då Elnesvågen tok årets første seier

Skrive av administrator

fredag 21. juni 2019 20:23 - Sist oppdatert fredag 21. juni 2019 21:27

---

Stian Eik ein dobbeltsjanse, før Elnesvågen kontra igjen og Brage Sollid sette ballen mellom beina på keeper til leiing 1-3.

Amund Stavem hadde eit godt langskot som kunne gitt redusering, men keeper strekte seg og fekk redda. Så sette Eik opp Nerheim med eit lekkert hælspark, men avslutninga gjekk like utanfor. Nærare mål enn det Kanishi kom etter 38 minutt er det nesten ikkje råd å komme: Ballen treffe eine stolen og gjekk i retur i den andre før han spratt feil veg og ut på bana.

Der det ikkje lukkast for heimelaget, hadde gjestane full uttelling. Veteranen Kristian Benjaminsen såg at keeper sto langt ute og lobba i mål frå 20 meter til 4-1. Vestnes Varfjell reduserte ved Knut Stian Eik som tok ned ballen elegant og avslutta frå kloss hald etter framspel frå Ellingseter. Fleire mål vart det ikkje. Dermed kunne Elnesvågen juble for årets første seier. Neste kamp, den siste før ferien er borte mot Åndalsnes om ei veke.

Ole-Gunnar Kjærstad sesongdebuterte for Vestnes Varfjell. Trondheim-studenten blir ei fin forsterking i sommar.

### KAMPFAKTA:

Vestnes Varfjell - Elnesvågen 2-4 (1-1)

4. divisjon Nordmøre/Romsdal, fredag 21. juni 2019 kl 19

Vestnes idrettspark, 65 tilskuarar

Mål:

1-0 (6) Ørjan Tangen

## Kontra i senk då Elnesvågen tok årets første seier

Skrevet av administrator

fredag 21. juni 2019 20:23 - Sist oppdatert fredag 21. juni 2019 21:27

---

1-1 (27) Magnus Nygård

1-2 (55) Are Stolsmo

1-3 (75) Brage Sollid

1-4 (85) Kristian Benjaminsen

2-4 (87) Knut Stian Eik

Dommar: Kurt Einar Ansnes, Kvass/Ulvungen. Assistentdommarar: Adrian Bratli , Molde FK og Haakon Javier Trondstad, Valder

Gult kort: Amund Stavem, Vestnes Varfjell (35)

Vestnes Varfjell (4-3-3): Fredrik Bergslid; Håkon Kjørvik, Ørjan Tangen, Svein Erik Lange Male, Magnus Nerheim - Amund Stavem (Audun Løkke 83.), Vegard Ellingseter, Ole-Gunnar Kjærstad - Juan Rikard Larsen (Knut Stian Eik 68.), Tommy Kanishi Andreassen, Jarle Løvik Salte (Adrian Liabø 61.)